



**Byrådssak /22**

**Saksframstilling**

Vår referanse: 2022/36414-3

**Høring og offentlig ettersyn av strategisk planprogram for Åsane sentrale deler**

**Kva saka gjeld:**

Arbeid med strategisk planprogram for Åsane sentrale delar (heretter SPPÅ) blei starta opp av byrådet den 13.02.2020 (sak 1041/20). I vedtaket går følgjande fram:

1. I medhold av plan- og bygningsloven § 4-1 vedtas oppstart for utarbeidelse av forslag til strategisk planprogram for Åsane sentrale deler, med følgjende målsetninger:
  - a. Utarbeide et helhetlig plangrep for Åsane sentrale deler, som skal ha som formål å sikre en samlande byutvikling for bydelssentrene og områdene rundt.
  - b. Åsane sentrale deler skal utvikles som gåby med god gangtilgjengelighet til sentrum, skoler, grøntområder og andre viktige målpunkt.
  - c. Sikre et samlet sykkelveisystem for bydelssenteret.
  - d. Utvikle Åsane sentrum med møtesteder, attraktive torg, byrom, bilfrie område(r) og parker, inkludert sammengende blågrønn struktur.
  - e. Sikre gode og attraktive bomiljø med sosial bærekraft.
  - f. Utforme et overordnet plangrep for kollektiv- og vegsystem.
  - g. Identifisere områder som egner seg for fortetting, og legger føringer for videre utvikling av disse.
2. Planarbeidet skal legge vekt på å identifisere områder med særlig behov for «reparasjon»/forbedring.
3. Bruk av tilgjengelige virkemidler og verktøy vurderes som del av en gjennomføringsstrategi.
4. Byrådets føringer i saksutredningen legges til grunn ved utarbeidelse av strategisk planprogram for Åsane sentrale deler.

## Området



Figur 1: Området for SPPÅ

Området for SPPÅ er Åsane sentrale delar. Åsane bydel ligg nord for Bergen sentrum, og er avgrensa av Eidsvåg i sør, Hylkje i nord, Salhus i Vest og Flaktveit i aust. Bydelen har i dag sitt tyngdepunkt i Midtbygda. Her ligg Åsane sentrum og Nyborg som til saman utgjør Åsane sentrale delar. Innbyggartalet nærmar seg 42 000 (2022). Det er venta at innbyggartalet vil vekse med 5000 fram mot 2040.

Åsane sentrale delar består av eit relativt flatt landskap med fleire vatn omgitt av åsar og lave fjell. Tidlegare låg det største samanhengande våtmarksområdet i Bergen i området Midtbygda – Nyborg – Langavatnet. Fram til 50-talet bestod området av myr og jordbruksareal, og på slutten av 60-talet starta utbygginga av Åsane sentrale delar og områda rundt.

Åsane bydelssenter omfattar bussknutepunkt, detaljvarehandel, kjøpesenter, vidaregåande skule, kulturhus, idrettsanlegg, kyrkje og fleire offentlege kontor og service. Åsane er den nest største bydelen for varehandel, der berre Bergenhus bydel er større. Mykje areal er dominert av kjøpesenter, arealkrevjande varehandel og store parkeringsflater, industribygg og vegsystem. Utanfor desse areala er det bustadbusetnad, og i nord og nordvest er det verneverdig gardsbusetnad.

### Om strategisk planprogram og målet med SPPÅ

Eit strategisk planprogram er ikkje ein plantype etter plan- og bygningslova, men skal fungere som eit fleksibelt og overordna styringsverktøy ved vidare planlegging. Utviklinga av Åsane sentrale delar vil skje over lang tid, der mange ulike aktørar må bli involvert. SPPÅ skal bidra til at området blir transformert til eit fullverdig bydelssenter. Det skal anbefale eit nytt, heilskapleg plangrep for området med lokalisering og utvikling av teknisk, blågrøn og sosial infrastruktur. Det skal vil gi rammer for det vidare arbeidet med å utvikle området.

## Hovudinnhaldet i forslag til SPPÅ

Forslaget til SPPÅ har tre delar. Del 1 skildrar hensikt og mål. Den inneheld òg ein byanalyse som viser Åsane sin karakter, potensiale, utfordringar og viktige rammar for byutvikling. Del 2 skildrar forslag til byplangrep. Del 3 gjer greie for oppfølgingsoppgåver og vidare planprosess.

Forslaget til SPPÅ legg opp til fire hovudgrep:

- 1 Gi plass til vann
- 2 Aktivere byrom og grønne strukturer som grunnlag for attraktivt byliv
- 3 Skape god balanse mellom ulike formål; bolig, næring og tjenesteyting
- 4 Bygge en fotgjengervennlig by gjennom omfordeling av samferdselsareal

Hovudgrepet «Gi plass til vann» inneber i hovudsak følgjande:

- Sikre eksisterande vassflate for Liavatnet og Forvatnet.
- Opne Dalelva gjennom C-tomta.
- Ved flytting av riksvegfunksjon (E39) skal det bli sett på ytterlegare opning av kulvertstrekingar av Midtbygdavassdraget.
- Sikre at handtering av overvatn får mest mogleg opne løysingar som er ein positiv og tilgjengeleg kvalitet i blågrøn struktur og byrom.

Hovudgrepet «Aktivere byrom og grønne strukturer som grunnlag for attraktivt byliv» inneber i hovudsak følgjande:

- Etablere bydelspark med vassdrag, turveg og møteplassar.
- Etablere eit bytorg sentralt.
- Sikre finmaska og bymessige sentrumsgatenett.
- Forbindelsar til kulturlandskap og eksisterande grønstruktur må bli meir tilgjengeleg.

Hovudgrepet «Skape god balanse mellom ulike formål; bustad, næring og tjenesteyting» inneber i hovudsak følgjande:

- Handel skal konsentrerast i sentrumskjerna og det næraste kvartalet til bybanestopp.
- Nye kommunale tenester må plasserast slik at det blir skapt nye attraktive arenaer sentralt.
- Fleire bustader innafor byfortettingssona.
- Bustadutvikling i ytre fortettingssone må ha gode gangforbindelsar til sentrum.
- Sosial berekraftig byutvikling.

Hovudgrepet «Bygge en fotgjengervennlig by gjennom omfordeling av samferdselsareal» inneber i hovudsak følgjande:

- Fotgjengarar må prioriterast framfor andre transportgrupper.
- Riksvegfunksjonen i Åsanevegen må flyttast utanom Åsane sentrum.
- Vegstrekingar må gjerast om til kollektivgater.
- Det må bli lagt til rette for sykkeltrafikk internt i Åsane bydel.
- Bybane må vere eit premiss for endra mobilitetsmønster.
- Parkeringsbehov må løysast i fellesanlegg slik at sentrale uterom blir frigjort til attraktive byrom og byutvikling.

Vidare er det i SPPÅ lagt opp til tre utviklingsfasar. Den første fasen er fram til bybanen er ferdigstilt, den andre fasen er frå bybanen er tatt i bruk og fram til hovudvegssystemet (E39) er lagt om, og den tredje fasen er utviklinga etter omlegging av hovudvegssystemet (E39).

I samband med arbeidet med SPPÅ er det utarbeidd ei rekkje grunnlagsutgreiingar. Desse følgjer med saka som vedlegg.

### Prosess

Det blei kunngjort og sendt ut varsel om oppstart av arbeidet med SPPÅ i mars 2020. Det kom inn 28 merknader, der 15 var frå offentlege sektormynde, lag og organisasjonar, og 13 var frå private innbyggjarar og utbyggjarar.

Det blei òg gjennomført digitalinnbyggardialog hausten 2020, tre digitale og eit fysisk «Fremtidsverksted» av sosialentreprenørane Fremtenkt i 2021. Hausten 2021 blei det gjennomført eit heildags medverknadsmøte i Åsane kulturhus med over 50 deltakarar.

Innspele som har kome i prosessen kan oppsummerast til følgjande:

- Behov for å etablere gode byrom og møteplassar.
- Mange set pris på Åsane som eit attraktivt handelssentrum, men store asfalterte område og biltrafikk er negativt og må endrast.
- Grøne område er ønska. Livatnet, Forvatnet og Dalelva må utnyttast som ein kvalitet i og mellom byromma.
- Behov for gode forbindelsar for sykkel og gonge.
- E39 er ein barriere og kjelde til støy.

### Planstatus og overordna føringar

SPPÅ er utarbeidd med utgangspunkt i nasjonale- regionale- og kommunale overordna planar, mål og strategiar. Kommuneplanens samfunnsdel «Bergen 2030» (KPS), Kommuneplanens arealdel 2018 (KPA) og kommunedelplan for overvatn har særleg vore førande for dei føreslegne byplangrepa.

Det er fleire planar under arbeid innafor området, men dei viktigaste er områdereguleringsplan for Nyborg, reguleringsplan for Åsane senter og reguleringsplan for Bybanen til Åsane.

For meir detaljerte opplysningar blir det vist til vedlagte fagnotat og forslag til SPPÅ i sin heilskap.

### **Fagetaten si vurdering og anbefaling:**

I fagnotatet oppsummerer Plan- og bygningsetaten hovudpunkta i SPPÅ. Dei anbefaler at forslag til *Strategisk planprogram for Åsane sentrale deler* blir lagt ut til offentleg ettersyn og sendt til høyring. Dei viser til at det vil bli lagt til rette for ein god prosess med informasjon om planforslaget og høve til å kome med innspel.

### **Byråden si vurdering og anbefaling/konklusjon:**

Byråden vurderer at Strategisk planprogram for Åsane sentrale delar (SPPÅ) er eit godt utgangspunkt for å avklare prinsipielle problemstillingar og hovudgrep for framtidig utvikling av Åsane. Utbygging av bybanen til Åsane gir gode høve for ei framtidsretta utvikling, der Åsane sentrale delar blir utvikla til eit fullverdig bydelssenter. Det er viktig for å oppnå fleire overordna mål, slik som den kompakte gåbyen og nullvekst i personbiltrafikk, jf. Kommuneplanens samfunnsdel, *Bergen 2030*.

Forslaget til SPPÅ legg opp til at det skal vere eit planprogram med utgangspunkt i plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1, som skal fungere som felles planprogram for framtidige reguleringsplanar i området. Det går fram av pbl. § 4-1 andre ledd at eit planprogram skal gjere greie for «formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger». Det går vidare fram av forskrift om konsekvensutgreiingar (kuf.) § 32 første ledd at eit planprogram «kan brukes til å avklare og fastsette overordnede rammer for arbeidet med senere reguleringsplaner for et område og for flere pågående reguleringsplanprosesser innenfor et større område».

Byråden stiller spørsmål ved om forslaget til SPPÅ fyller krava til eit felles planprogram for framtidige reguleringsplanar som krev planprogram, jf. pbl. § 4-1 og kuf. Det er mellom anna uklart kva for område innafor Åsane sentrale delar eit slikt felles planprogram skal gjelde for. Vidare er det ikkje vist til kva for utgreiingar som skal gjennomførast for desse reguleringsplanane, og det er ikkje gjort greie for opplegg for medverknad. Etter byråden si vurdering fører dette til at SPPÅ ikkje kan fungere som felles planprogram for framtidige reguleringsplanar.

Byråden viser òg til at både Statsforvaltaren i Vestland og Statens vegvesen har stilt seg kritisk til at SPPÅ er ein plantype som ligg utanfor plan- og bygningslova i samband med oppstart av planarbeidet.

Byråden meiner at SPPÅ har gode kvalitetar når det gjeld hovudgrep og som grunnlag for vidare diskusjon om utviklinga av Åsane sentrale delar. Sjølv om SPPÅ ikkje har juridiske verknader etter plan- og bygningslova, meiner byråden at det bør bli lagt ut til høyring for å få innspel til viktige strategiske grep for den vidare utviklinga av Åsane. Det vil vere nyttig for å avklare prinsipielle problemstillingar og hovudgrep når dei formelle planprosessane tek til i dette viktige området som skal utviklast over lang tid. Det gode arbeidet som er gjort i samband med SPPÅ vil etter byrådens vurdering forenkla arbeidet med framtidige reguleringsplanar, til dømes utarbeiding av planprogram. SPPÅ gir ei stor mengde ny kunnskap og strategiske føringar om til dømes infrastruktur for mjuke trafikantar og blågrøn infrastruktur, som vil vere svært viktig i utviklinga av Åsane til ein grøn og attraktiv bydel.

Byråden vil òg kommentere at SPPÅ legg opp til at ein stor del av utviklinga er avhengig av at riksvegfunksjonen til dagens E39 blir lagt utanom Åsane sentrale delar. I det forslaget til strategien som no er lagt fram, står dette grepet heilt sentralt i utviklingsfase 3. Byråden er einig i at dagens E39 er ei barriere for delar av den utviklinga SPPÅ legg opp til. Byråden vil likevel understreke at ein kan oppnå ei velykka utvikling og reparasjon av dei sentrale delane av Åsane sjølv om situasjonen med E39 er som i dag. Forslaget til SPPÅ gir mange gode føringar for å oppnå dette, i tillegg til at utbygginga av bybanen vil gi heilt nye høve for ei framtidsretta utvikling av Åsane. Omlegging av riksvegfunksjonen er ei kompleks problemstilling som vil vere svært utfordrande både teknisk og økonomisk. Handlingsrommet til kommunen er òg avgrensa ettersom det er Statens vegvesen som er vegeigar.

I fagnotatet blir det vist til at forslaget til SPPÅ ikkje utfordrar bybanelina, men at det utfordrar nokre av vegløysingane i samband med denne. Det blir vidare vist til at SPPÅ har eit meir overordna fokus enn bybaneplanen, og at den derfor kan gi ny kunnskap som bør vurderast i bybaneplanen. Byråden vil understreke at SPPÅ ikkje utfordrar eller skal utfordre bybanetraséen, men at den gir forslag til løysingar for vegsystemet rundt traséen i eit lengre tidsperspektiv.

Med dette anbefaler byråden at forslaget til Strategisk planprogram for Åsane sentrale delar blir lagt ut til offentleg ettersyn og sendt til høyring.

**Økonomiske konsekvensar:**

Saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar.

**Vedtakskompetanse:**

Det går fram av byrådet sine fullmakter § 18.1 vedtatt av bystyret 16.12.2020 i sak 378/20 at: «Innenfor fagområdene klima, miljø, byggesak og byutvikling har byrådet fullmakter til å utøve myndighet med utgangspunkt i Plan- og bygningsloven og annet relevant lovverk»

**Byråd for byutvikling innstiller til byrådet å fatte følgjande vedtak:**

Forslag til Strategisk planprogram for Åsane sentrale deler, datert 11.03.2022, blir lagt ut til offentlig ettersyn og sendt til høyring i seks veker frå oktober 2022, med dei føringane som er gitt under byråden sine vurderingar.

Dato: 20. september 2022

Ingrid Nergaard Fjeldstad  
Byråd for byutvikling

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

**Vedlegg:**

Fagnotat datert 17.03.2022, med følgjande vedlegg:

Strategisk planprogram for Åsane sentrale deler, datert 16.03.2022

Merknadsskjema oppstart, datert 11.02.2022

Medvirkningsprossesser samledokument, datert 11.02.2022

Trafikknotat for Åsane datert mars 2022

Reparasjonstiltak for gangnettet i Åsane, PBE 2021

Handelsanalyse Åsane datert februar 2022

Kulturminnegrunnlag Åsane sentrale deler datert 06.07.2021

Hvordan etablere god blågrønn infrastruktur i sentrumsområder? Med Åsane som case datert 25.02.2022

Midtbygdavassdraget flomsonekartlegging datert 25.05.2021